

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 223, FA - U01	17/81

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2017	Næringsfondsstyret	PS	28.03.2017

## Næringsfond - søknad om mobil salgsvogn/gatekjøkken.

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune avslår Bozhana Peykova sin søknad om støtte frå næringsfondet til etablering av mobil salsvogn/gatekjøkken.

### Saksopplysningar:

Søkjjar sin forretningsplan er å etablere eit gatekjøkken/mobil salsvogn kor salsvara er fish & chips med tilhøyre. Vogna er hovudsakleg tenkt plassert utanfor huset hennar v/ fylkesvegen inn i mot Mo. Forretningsidèen er at mange vil kunne vere interessert i å stoppe for rask take away-mat på veg til eller gjennom Modalen. Søkjjar viser til at det er låge oppstartskostnader og at det kan vere ein sær innbringande forretning. Verksemda kan drivast på heil-/deltid. Motivasjonen til søkjjar byggjer m.a. på at ho er utan jobb og vurderer at denne situasjonen gjennom dette tiltaket kan endre seg.

Søkjjar reknar kostnadane til kr. 258 000,-. Dette inkluderer innkjøp av salsvogn, el. installasjonar, frakt/transport av vogn, kjøkkenutstyr og kasseapparat. Eigeninnsats og eigenkapital er rekna til kr. 43 000,-. Søknadssummen frå næringsfondet er kr. 215 000,-.

### Bakgrunn

Søkjjar og Modalen kommune har hatt 2 møter kor me drøfta søknad om etablering av verksemd for Bozhana Peykova. I desse møta vart søkjjar m.a. utfordra på å sjå på om det var aktuelt å vurdere å redusere investeringskostnadane, underbygge/dokumentere kva som låg til grunn for vurdering av omsetjing første året/andre året, og vurdere evt. andre/fleire utsalsplassar dersom mogleg. Konkurransesituasjonen vart også drøfta.

### Vurdering

Næringsfondet skal bidra til auka sysselsetjing, auka busetnad og nyskaping/vidareutvikling av verksemd. Næringsfondsvedtektene kan normalt gje støtte med inntil 50 % av samla investering/kostnad. I særlege tilfelle inntil 75 %. Søkjjar ber om kr. 215 000,- av totale kostnader på

kr. 258 000,-. Det utgjør 83,3 %. Retningslinene for næringsfondet seier at det skal vere min. 15 % eigeninnsats/EK. I søkjar sitt tilfelle er prosendelen 16,7.

Modalen kommune vurderer busetnadseffekten som låg, medan sysselsetjingseffekten er til stades. Ein legg ikkje til grunn at det er tale om nyskaping/vidareutvikling – men nyetablering.

Sysselsetjingseffekten er til stades i forståinga at det er mogleg å etablere ein arbeidsplass for søkjar. Det er likevel stor uvisse knytt til det økonomiske driftsgrunnlaget som skal kunne sikre denne etableringa. Når det er knytt stor uvisse til det budsjetterte driftsgrunnlaget er det naturleg å sjå dette i samanheng med etableringskostnader. Dess sikrare driftsbudsjettet er, dess lågare er risiko knytt til etablering.

Det er ligg ikkje føre tilstrekkeleg dokumentasjon som kan underbygge markedet/kundepotensialet for budsjettert omsetnad.

Retningslinene for næringsfondet peiker i kap 1 pkt. 1.2 på at søknadar kan avslåast t.d. når tiltaket vert vurdert å vere uheldig i høve til eksisterande næringsliv/verksemder (overetablering m.m.). Modalen kommune vurderer at Mobryggja AS og Modalen lodge & camping er klare konkurrentar i Modalen. Modalen lodge & camping rettar seg særleg inn mot fastfoodmarkedet, medan Mobryggja rettar seg mot meir tradisjonell matservering med t.d. chips/fries på menyen. Modalen kommune vil ikkje bidra med tilskot til søkjar slik at det vert overetablering i bransjen. Kommunen er ikkje negativ til konkurranse, men å vere den som *finansierer* einskildaktørar i slik konkurranse.

### **Konklusjon**

Modalen kommune avslår søknaden på grunnlag av at det manglar tilfredsstillande dokumentasjon/informasjon som kan underbygge dei budsjetterte omsetningstala, at det er betydeleg risiko for overetablering i Modalen, og at eigeninnsats-/eigenkapitaldelen er for låg i forhold til risiko i prosjektet.

### **Næringsfondsstyret - 003/2017**

#### **NF - behandling:**

Kultur og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om saka

Samrøystes

#### **NF - vedtak:**

Modalen kommune avslår Bozhana Peykova sin søknad om støtte frå næringsfondet til etablering av mobil salsvogn/gatekjøkken.

